



Forstudie med konseptskisse for

Rysstad Turpark

Monica Sølyst og Birgith Reinskås Lunden, Høgde AS

August 2025

Oppdrag og gjennomføring


Valle kommune har engasjert HØGDE til å bistå Rysstad turlag med prosjektleiing og søknadsskriving i arbeidet med Rysstad Turpark.

Rysstad Turpark er initiert etter innspel frå innbyggjarar, lag og foreiningar i bygda, og bygger vidare på lokal mobilisering og ynskje om å utvikle eit mykje brukt område. Initiativtakarane har organisert seg i Rysstad Turlag. Turparken er tenkt som eit lågterskel tilbod for lek, rørsle og naturopplevingar for alle aldersgrupper – med særleg vekt på tilgjengelegheit, inkluderande løysingar og tett kopling til bygdesentrum.

RYSSTAD TURPARK

Oppdraget kring Rysstad Turpark er å gjere ei enkel vurdering av moglegheitane for eit meir inkluderande og attraktivt område. Leveransen er denne konseptskissa, samt 2-3 søknadar til ulike finansieringskjelder. Alt materiell er utarbeidd i samarbeid med Rysstad Turlag.

HØGDE gjennomførte synfaring av området saman med prosjektgruppa torsdag 12. juni og med gruppa, Valle kommune, entreprenørar og grunneigar 18. august 2025.



Dagens situasjon

Kvernhuset langs stien
Juni 2025



Slitt trase med mykje stein og nokre våte parti



Fin møteplass, men få plassar, mykje bålpyring på fjellet



Lite formidling og lite lesbare kart



Parkeringa er uoversikteleg og har få plassar



Turvegen er prega av våte parti



Lite opplevingar for dei minste



Bru ved startpunktet er i dårlig stand




Fine stoppestadar/turmål på vegen. Krev ekstra grunneigaravtalar dersom ein skal ta i bruk for ålmenta



Fine stiar i vakkert terreng, tett på naturen, nærme sentrum

Registreringskart



Utfordringar

- **Slitasje på eksisterande trasear**
 - Stig med mykje synlege røter og stein
 - Nokre våte og lite framkommelege parti
- **Avgrensa tilgjenge for mange brukargrupper**
 - Manglande inkluderande utforming på delar av traseen
 - Uegna for barnevogn, krykker, rullestol og rullator
- **Lite formidling og utydeleg informasjon**
 - Kart på informasjonstavle er lite lesbart
 - Manglande skilting og formidling undervegs
- **Begrensa kapasitet ved møteplassar**
 - Få sitjeplassar og avgrensa tilrettelegging
 - Spor etter mykje bålbrekking direkte på fjellgrunn
- **Begrensa attraksjonskraft og brukspotensial**
 - Liten variasjon i aktivitetar og opplevingar
- **Behov for heilskapleg oppgradering og plan**
 - Behov for styrka identitet, funksjon og oppleving
- **Begrensa og utydeleg parkering**
 - Manglande skilting av parkering
 - Lite synleg eller utilstrekkeleg parkeringsareal i dag




Styrker


- **Nærleik til sentrum og bustadområde**
 - Kort og lett tilgjengeleg frå Rysstad sentrum
 - Ligg i umiddelbar nærleik til der folk bur og ferdast
- **Variert og vakker natur**
 - Furu- og blandingsskog med gode lysforhold
 - Nær elv og bergflater med utsikt
- **Gode naturlege møteplassar**
 - Fint opparbeidd gapahuk og rasteplass
 - Store svaberg som eigner seg for samling og kvile
- **Historisk og kulturell verdi**
 - Område med lokalthistorisk betydning
 - Potensial for formidling av kultur, landskap og brukshistorie
- **Stort potensial for lågterskelaktivitet**
 - Eigna for kvardagsbruk, trim og rekreasjon
 - Passar for barnefamiliar, eldre og mosjonistar
- **Godt utgangspunkt for vidare utvikling**
 - Allereie etablert som turmål med informasjonstavle
 - Delar av traseen har fast og tørt underlag med lite stigning



Moglegheiter

- **Godt eigna areal for parkering**
 - Opne flater nær innfallsporten kan nyttast til tydeleg og tilgjengeleg parkering
 - Betre parkeringsløyisingar vil gjere området meir brukartilpassa og synleg
- **Gradering og skilting for ulike brukargrupper**
 - Høve til å skilte ulike rundar med forskjellig lengde og vanskegrad
 - Gjer det enklare å velje tur etter form og føresetnad – spesielt for mindre spreke brukarar
- **Formidling gjennom eventyr og lek**
 - Skogen eignar seg for ei forteljarløype med figurar frå norske eventyr
 - Bukkane Bruse er allereie etablert som ein fin start – dette kan byggast vidare på
- **Tilrettelegging for lek og meistring**
 - Naturlege element og terreng gir moglegheit for klatreløype for dei minste
 - Kombinerer lek og naturoppleving på ein trygg og stimulerande måte
- **Utvikling av møteplass med grill- og samlingspunkt**
 - Området ved eksisterande gapahuk eignar seg godt for oppgradering med grillhytte og bålpanner
 - Vil styrke den sosiale dimensjonen og utvide bruken av området gjennom året
- **Bevaring av urørt natur som kvalitet**
 - Turparken kan vidareutviklast utan å øydelegge den stilla og naturpreget som mange set pris på
 - Gjev ein balansert kombinasjon av tilrettelegging og villmarksoppleving
- **Heilskapleg visuell profil og identitet**
 - Ein gjennomarbeidd design og skiltingsprofil vil gjere området meir lesbart og inviterande
 - Skapar ein tydeleg identitet som gir både tryggleik, gjenkjenning og eventyrkjensle





Moglegheitskart Rysstad Turpark

Inspirasjon og fokusområde

Målgruppeanalyse

Barnefamiliar

- Trygge stiar med god skilting gjer det enkelt å velge ruter tilpassa bornas alder.
- Eventyrpunkt, formidling og leikeområde skaper engasjement og gjev grunn til lengre opphald.
- Tilrettelagde opphaldsplassar (gapahuk, bål plass, fossen) for felles måltid og lek.

Eldre og personar med nedsett funksjonsevne

- Gode parkeringsmoglegheiter og kort avstand til startpunkt.
- Benkar og kvilestader plassert strategisk langs stigane.
- Jamnt, stabilt underlag for trygg ferdsel
- Informasjon om vanskegrad før start via tydeleg skilting.

Mosjonistar

- Lengre løyper og fleire ruteval for variasjon og utfordring.
- God merking som gjer det lett å kombinere ulike strekningar.
- Høve for kondisjons- og styrkeøkter ute i naturen.

Besøkande til Rysstad/Valle


- Lett tilgjengeleg turpark som kan kombinerast med andre lokale opplevingar.
- Tydeleg formidling av lokal historie, natur og kultur gjennom skilting og aktivitetar.
- Sosiale møteplassar som inviterer til å bli verande lenger.

Felles mål:

Skape ein inkluderande turpark med aktivitetar og møteplassar som gjev naturopplevingar, læring og sosialt fellesskap – året rundt.



Frå Hamaren Aktivitetspark. Foto: Monica Sølyst



Tilgjengelighet

- Parkering – lett adkomst med bil
- Tilrettelegging sti og benkar. Enkelt å ta seg fram, kvilebenkar med jamne mellomrom
- Kart og opplysningar om gode rutevalg for den enkelte. Det skal vere enkelt å velje rett rute basert på eigne evner.



Thomas Dambo – Lille Tilde (Danmark) Foto: Trollmap



Frå Hamaren Aktivitetspark. Foto: Monica Sølyst

Eventyr og formidling

- Den besøkende skal kunne gå inn i ei forteljing og vere i eventyret
- Vi skal helse på Bukkane Bruse, på trollet og huldra og dei skal invitere til aktivitet
- Parken skal formidle historiar og eventyr gjennom skulpturar og tekst



Foto: Vest-Telemark blad



Aktivitet

- Parken skal spore til fysisk aktivitet og lek
- Det skal vere moro for barn å vere på tur i parken
- Klatring, balanse, husker, vassleik
- Installasjonar kan brukast til styrketrening for vaksne
- Aktivitetane skal formast etter naturen og vere i naturlege element

Foto: Pinterest/Birgith R. Lunden



Møteplassar

- Parken skal ha gode møteplassar med plass til mange
- Kvernhuset, gapahuken, fossen er gode møtepunkt
- Ein skal kunne treffe andre og slå av ein prat
- Parken skal vere ein sosial møteplass

Skånsom tilrettelegging og sporlaus ferdsel

GOD TUR MED SPORLØS FERDSEL


- Ta med søppel hjem
- Ta med brensel hjemmefra - ikke hugg eller ødelegg trær ved bål plassene
- Husk bålforbud 15. april – 15. september



Les om sporløs ferdsel på sporlost.no

Dersom du finner denne plakaten på bakken,
ta den med hjem og kast den!

Naturvernforbundet
i Groruddalen

friluftsglede.no

- Tiltaka skal vere enkle og berre gjennomførast der det alt er noko utbygging eller tilrettelegging.
- Grusing vert avgrensa til smale trasear for å sikre betre framkome for fleire, utan å dominere naturen.
- Fokus på å bevare urørt natur og stille opplevingar, med minst mogleg inngrep.
- Tilrettelegginga skal styrkje opplevinga og tryggleiken, ikkje endre naturpreget.
- Naturlege materialar skal nyttast så langt som mogleg i all tilrettelegging.
- Ingen søppelkasser vert sett opp – alle skal ta med eige avfall heim.
- Bål plassar og opphaldsområde vert samla og tydeleg tilrettelagde for å hindre slitasje på andre stadar.
- Brukarane oppmodast om å halde seg til stiane og ferdast sporlaust i terrenget.

Vidare arbeid

Forslag til oppgåver i forprosjektet

Organisering og mål

Organisering

Prosjekteigar: Rysstad turlag

Prosjektansvarleg: Åshild Rysstad Hovden

Styringsgruppe: Rysstad turlag, Valle kommune, aktuelle grunneigarar

Prosjektleiar: Innleige eller Rysstad turlag

Prosjektgruppe: Rysstad turlag, Valle kommune

Mål

Effektmål

Rysstad turpark skal vere eit tilgjengeleg og inkluderande turmål som gjev flest mogleg høve til å oppleve natur, aktivitet og fellesskap. Prosjektet skal styrkje folkehelse, trivsel og lokal verdiskaping gjennom berekraftig bruk av natur og kulturarv.

Resultatmål

Innan prosjektperioden skal det etablerast tørre og tilgjengelege stiar, aktivitets- og opplevingspunkt, samt naudsynt infrastruktur for å ta imot besøkande. Tilrettelegginga skal skje i samarbeid med lokalsamfunn og frivillige, med plan for vidare drift og vedlikehald på plass.

Tiltaksplan

Tiltak	Beskrivelse	År
Fysisk oppgradering stinettverk	Oppgradere underlag, tiltak i våte parti, gruse mest ujamne parti	2026
Parkering	Opparbeiding av parkeringsplass (vegetasjonsrydding, topplag på veg bort)	2026
Turvegbru	Prosjektering, bestilling, montering av bru	2026
Skilting	Utarbeide skiltplan, produksjon av skilt og montering	2027
Grillhytte og bålplasser	Planlegge, prosjektere og bygge 2-3 sittedoner ved gapahuken	2026
Hvilebenker	Bestille og montere sittebenkar langs turløypa (inntil 10 stk)	2026
Skulpturell formidling	Bestille og montere eventyrfigurar og andre kunstsulpturar	2027
Høyt og Lavt park	Planlegging og montering av eigenorganisert klatrepark i området ved gapahuken	2027
HC parkering	Oppgradering av vegstubb og HC parkering (3-4 plasser)	2026
Visuell profil	Utvikle eigen visuell profil for parken, samt skilt/formidlingsdesign	2026
Formidling	Utarbeiding av tekst mm om historiar og naturkvalitetar. Inngå samarbeid med skule og barnehage	2026
Kvernhus	Opprusting av eksisterande kvernhus	2027
Villakopi	Ruste opp Villakopien til ny bruk (lek)	2027

Fremdriftsplan



Forslag til finansieringsplan

Estimerte priser basert på erfaringstal. Må oppdaterast etter prisinnhenting. Midlar til eventuell prosjektleiing kjem i tillegg.

Tiltak	Beskrivelse	Estimert kostnad (NOK)	Mulig finansiering
Fysisk oppgradering stinettverk	Oppgradere underlag, tiltak i våte parti, fjerne stein og røtter	800 000	Spillemidler: 50% God og trygg: 50%
Visuell profil	Utvikle egen visuell profil for parken, samt skilt/formidlingsdesign	150 000	Regionråd/regionale utviklingsfond: 66% Lokal spleis: 34%
Skilting	Utarbeide skiltplan, produksjon av skilt og montering	200 000	Spillemiddelordningen: 50%
Parkering	Opparbeiding av parkeringsplass (vegetasjonsrydding, topplag på veg bort)	70 000	Valle kommune: 100%
Skulpturell formidling	Bestille og montere eventyrfigurer og andre kunstsulpturer	300 000	Sparebankstiftelsen SR bank: 50%
Formidling	Utarbeiding av tekst mm om historier og naturkvaliteter. Inngå samarbeid med skole og barnehage	100 000	Heiplanmidler: 100%
Turvegbru	Prosjektering, bestilling montering av bru	300 000	Spillemiddelordningen: 50% Valle kommune: 50%
Kvernhus	Opprusting av eksisterende kvernhus	150 000	Stiftelsen UNI: 33% Kulturminnefondet: 33% Spillemiddelordningen: 33% (dagsturhytte)
Villakopi	Ruste opp Villakopien til ny bruk (lek)	100 000	Gjensidigestiftelsen: 50% Sparebankstiftelsen SR bank: 50%
Grillhytte og bålplasser	Planlegge, prosjektere og bygge 2-3 sittedoner ved gapahuken	300 000	Sparebankstiftelsen SR bank: 40% Midt-Agder Friluftsråd: 20% Spillemiddelordningen: 40% (gapahuk)
Hvilebenker	Bestille og montere sittebenker langs turløypa (inntil 10 stk)	200 000	Valle kommune: 25% Valle Sparebank: 25% Otra kraft: 50%
Høyt og Lavt park	Planlegging og montering av egenorganisert klatrepark i området ved gapahuken	200 000	Gjensidige: 100%
HC parkering	Oppgradering av vegstubb og HC parkering (3-4 plasser)	200 000	VK: 100%
Uforutsett 10%		307 000	
Sum		3 377 000	

Forslag til søknadsordninger og søkebeløp

Søknadsordning	Beløp	Status/frist
Spillemiddelordningen	800 000	Januar kvart år
God og trygg tilgang til naturen'	800 000	Søkt om prekvalifisering
Regionale utviklingsfond	100 000	
Valle kommune'	550 000	
Sparebankstiftelsen SR bank	200 000	sept 2025
Stiftelsen UNI	50 000	Løpande
Kulturminnefondet	50 000	
Midt-Agder Friluftsråd	80 000	Innvilga
Otra kraft	100 000	
Heiplanmidlar'	250 000	Januar 2026
Valle Sparebank	50 000	Innvilga
Lokal spleis	347 000	
Sum	3 377 000	

' Lagt inn buffer til uforutsette utgifter. Ikkje lagt inn midlar til innleige av prosjektleiing.

Oppsummering og vegen vidare

Forstudien for Rysstad Turpark har omfatta synfaring og grundig kartlegging av dagens situasjon, styrkar, utfordringar og moglegheiter i området.

Arbeidet er gjennomført i tett dialog med prosjektgruppa, grunneigarar og lokalmiljøet, og har resultert i ei konseptskisse som legg vekt på tilgjengelegheit, variasjon i aktivitetstilbodet og utvikling av sosiale møteplassar.

Det er definert tydelege målgrupper – barnefamiliar, eldre og personar med nedsett funksjonsevne, mosjonistar og besøkande – og beskrive korleis tiltak kan møte behova deira.

Gjennom forstudien er det også utvikla idear til ei eventyr- og formidlingsløype, leikeområde, oppgraderte stiar, betre skilting, parkering og anna nødvendig infrastruktur. I tillegg er det skissert ein strategi for finansiering, med oversikt over aktuelle søknadsordningar.

I neste fase, forprosjektet, vil arbeidet gå over i detaljplanlegging av trasear, aktivitetsområde og opphaldsplassar.

Det skal utarbeidast tekniske løysingar for underlag, drenering og førebygging av slitasje, samt gjerast kostnadsberekningar og prioriteringar av tiltaka.

Avtaler med grunneigarar og eventuelle reguleringsbehov må avklarast, og det skal utviklast ein heilskapleg visuell profil med skiltsystem og formidlingsinnhald.

Vidare skal det etablerast samarbeid med lokale lag, skular, barnehagar og næringsliv for å sikre brei forankring, samtidig som ein arbeider vidare med å sikre finansiering før byggestart.

Forprosjektet vil dermed legge eit solid grunnlag for etableringa av ein inkluderande, opplevingsrik og berekraftig turpark som vil styrkje både lokalsamfunnet og besøksnæringa i Rysstad.